

Kyrkjjetonar



Utdeling av barnebibel

Ønskebrønn

Ventetiden er over

Lag deg ein god dag

Så er feiringa over

2009 grunnar

Difor kan han òg fullt og heilt frelsa dei som kjem til Gud ved han, sidan han alltid lever og går i forbøn for dei.

Hebr, 7, 25

Framsidediletet:

Frå utdeling av barnebibel til 4-åringane i Tysvær kyrkje
foto: Marit Sofie Teistedal Vikre

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Edvin Gjerde, Reidar Alvestad, Håvard Førland og Ingrid Hustoft Landro

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 0531.49.46091.

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Tysvær Prestegjeld

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

telefaks: 52 75 77 10

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

Kyrkjetontoret for Nedstrand sokn

telefaks: 52 75 77 21

åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

Lag deg ein god dag

Kva gjer deg lukkeleg, og kven er ansvarleg for di lukke?

Ofte kan me bruka mykje energi på ynskje og tankar om korleis livet burde vera. Me ynskjer at me skal få tilbod om drømmejobben, eller komma inn på fyrsteønsket på skule og studier. Me les avisannonser og surfar på finn.no på leit etter drømmebilen. Kanskje ser me på huset til naboen og tenkjer: "hadde eg også fått så mykje for det førre huset, så hadde eg og hatt råd til ferie til Thailand."

Me strekkjer oss etter det som er utanfor rekkevidde, og gløymer at me har lukka i lomma. Me ser på andre som lev sine liv i medvind, og gløymer at dei kanskje misunner oss som har det vindstille.

Sjå rundt deg, på dei nære tinga. Kanskje er det ikkje heilt slik du hadde ønska. Kanskje har du økonomiske, fysiske eller geografiske sperrer som hindrar deg i å oppnå den lukka som vert presentert i vekeblad. Eg tur likevel du har noko i ditt liv som du kan gleda deg over.

For nokre dagar sidan fekk eg ein e-post som vart avslutta med "lag deg ein god dag." Eg pleier å ønska mine vener og kolleger "ha ein god dag" Det er ein stor

forskjell. Me treng å utfordra oss sjøl på å ta ansvar for vår eiga lukke.

Kanskje er det så enkelt at me går ut på søndagstur istadenfor å sitja inne å kikke ut glaset. Eller det er å fokusera på dei gode tinga i livet.

"Lag deg ein god dag" set fokus på kven som er nærast til å gjere meg lukkeleg; meg sjølv.

Dette er likevel ikkje ei oppmøing om å leva sjølvsentrert. Me skal ikkje kjøra over, eller springa forbi, eit medmenneske på vegen til lukka. "Alt det de vil at andre skal gjera mot dykk, det skal de òg gjera mot dei." *matt 7.12.* Julebodskapen er berre ein sped start på Jesu kjærleikshandling imot oss på krossen. Når Jesus elskar oss så høgt, då viser det oss at me er uendeleg mykje verd. Det seier også at me skuldar å elska nesten vår og oss sjølv.

Du har ein enorm verdi, og fortener å vera lukkeleg. Kanskje finn du lukka nærare enn du trur. Du er høgt elska av Gud, og kan gi av hans kjærleik til dei som er rundt deg.

Lag deg ein god dag

redaktørens hjørne



For eit år sidan førebudde eg julegudstenestene saman med ein ivrig flokk sjetteklassingar. Tema var LYS og HÅP. Lysgloben i Nordstrand kyrkje, der eg arbeidde som prest, var flittig i bruk. Det var lettare å stå stille framfor globen med eit tent lys, enn å skulle forklara altfor mykje.

Det elevane syntest var det finaste, var å avslutta samtalen i ring rundt lysgloben og høyra denne bøna av Eyvind Skeie:

*Jesu Kristus, du verdens lys
vær nær hos alle barn som lever i redsel og angst.
La ditt ansikt lyse over alle dem som frykter mørket.
Send hjelpere til dem som lider vondt.
Vis oss hva vi skal gjøre for å bringe lys til andre.*

Biskopen si julehelsing

av Erling J. Pettersen

Eg snakka med elevane om Kristuslyset midt i globen. Etter ei forteljing frå ei landsens kyrkje i Brasil begynte 6.klassingane å kalla det HÅPSLYSET. Forteljinga eg hadde høyr, er slik: På ei kveldsgudsteneste blei fleire stearinlys borne fram til altaret. Ein av deltakarane spurde kva lysa skulle symbolisera. "Glede", svara han som hadde tent det første lyset. Då svara ein annan at han ikkje visste kva glede var, han hadde mista sine næraste og var i djup sorg. Han gjekk fram og blåste ut lyset. Eit anna lys var tent for tillit, men ein kom fram og fortalde om svik og mistillit og blåste dette lyset ut. Eit tredje lys var tent for foreldrekjærleik, men eit foreldrelaust gatebarn kom fram og blåste dette lyset ut. Slik heldt det fram til det bare var eitt lys igjen, svakt og blafrande. Dersom også dette lyset blei blåst ut, ville det bli heilt mørkt i kyrkja. "Kven er du?" blei det ropt. "Håpet!" svara han som hadde tent det siste lyset. Då blei det heilt stille i kyrkjerommet. Ingen kunne eller ville gjera ende på håpet. I staden blei dei andre lysa haldne bort til dette eine brennande lyset. Gjennom HÅPET fikk dei ny flamme og nytt liv.

Elevane greip raskt poenget i forteljinga: Vi kan tenna håpslys i vintermørket fordi Jesus Kristus er lyset for verda. "Vi avsluttar jo alltid med å be om velsigninga, og då er det Jesu ansikt som skal lysa over oss", sa ein av elevane. Og mitt ønske for kyrkjelydane i Stavanger bispedøme er dette enkle, at vi må gjera bøna til vår: "Jesus Kristus, du verdens lys: La ditt ansikt lyse over alle som frykter mørket. Vis oss hva vi skal gjøre for å bringe lys til andre. Da kan vi se at det er Håpets ansikt som lyser over oss: Jesu Kristi ansikt.

Ei lys og velsigna julehøgtid!

GAVER SOM FORANDRER VERDEN


Ønsk deg gaver som forandrer verden til jul i år.

Pengene fra salget av gavene går til de som trenger det mest!

Gavene fås kjøpt på internett hos www.kirkensnodhjelp.no eller ring 22 09 27 00 (kl. 08:30-15:30)

Takk for gaven!


Ønskeliste




Geit!



Vann!



Handlenett!



Gris!



Skolen i Tiwinza består av 10 klasserom i bambus og 4 klasserom i sement. Foreldre, lærere og representanter fra Misjonsalliansen var tilstede ved den høytidlige åpningen.

Ventetiden er over



Siv Anett og Kjetil Sande. Misjonsalliansen i Ecuador

Advent er ventetid. Her i Guayaquil er det mange som venter og håper. De venter på regntida, på bussen, på jula, på at Jesus skal komme igjen. De håper på nok penger til mat på bordet, få et stabilt og tett murhus fremfor et ustødig, lett antenkelig bambushus, en fast jobb, at de ikke blir ranet idag, at familiemedlemmer skal bli friske, at de ikke blir slått eller voldtatt idag, at skolen de går på skal få klasserom av sement og at de kan få lån til å fikse huset eller starte en bedrift.

Elevene og lærere på skolen vi samarbeider med i Tiwinza har lenge ventet og håpet på nye doer. Når vi bygger en skole, konstruerer vi alltid doene i sement, men etterhvert som årene går blir det veldig slitt og elevantalet så høyt at behovet for nye og flere doer oppstår.

Jentene kan endelig ta i bruk de nye, fine vaskene på skolen.



I slutten av oktober var Siv Anett med på høytidlig åpning av tilsammen 8 doer og 10 vasker. Her var det nasjonalsang med hånda på brystet, folkedans, dramastykke og snorklipping. Taler ble holdt av rektor, representanter fra Misjonsalliansen og presidenten i Tiwinza-komiteen, som Misjonsalliansen jobber tett med og legger årsplaner sammen med. Både rektor og presidenten takket veldig for at Misjonsalliansen hadde hjulpet de med dette, for at mennesker i Norge, som ikke engang kjenner dem, har et så stort hjerte at de sender ned penger og lar folk få oppfylt drømmene sine og gjør slutt på ventetiden.

Nå går vi inn i høysesongen for handelsstanden her og i Norge. Julepakkene har stort fokus og oppfinnsomheten og forventningene stiger i takt med julesangene og antall slitte bankkort. Hva med å hjelpe menneskene i Ecuador til å slutte å vente på ting vi tar for gitt. La dem slutte å vente på et lån for å starte en bedrift, en velutstyrt skole i sement, en kirke som jobber slik Jesus ønsker det, et sunt fritidstilbud og en plass å spille fotball. Gi en annenledes julegave. Ved å kjøpe forskjellige gavekort til forskjellige priser hos Misjonsalliansen kan du hjelpe til å utvikle enkelt personer, familier og lokalsamfunn ved å gi dem utdanning, mikrolån og tilgang til vann. God ventetid, god advent og god jul!

*Hilsen Eskil Santiago, Siv Anett og Kjetil Sande
Følg arbeidet vårt på www.lamitad.no
og www.misjonsalliansen.no*



Etterlengtede doer på plass i Tiwinza.

Ordet vender aldri tomt tilbake

Øivind Holtedahl

Ord er viktig. I skrivende stund har vi nettopp lagt Blest – litteraturuka bak oss her i Tysvær. På mange steder og på må mange måter har ordet stått i sentrum rundt omkring i Tysvær, så også med litteraturgudstjeneste i Aksdal kyrkje.

Ord er viktig. Ordene våre betyr noe. Ordene gjør noe med oss, mange ganger kanskje like mye som det vi gjør. Ord kan lukke opp og de kan lukke igjen. Ord er aldri bare ord, for ordene våre er med å skape virkeligheten rundt oss. I det gamle testamentet står det at Guds Ord vender aldri tomt tilbake, og slik er det også med våre ord. Det vi sier til et annet menneske vender aldri tomt tilbake. Gir vi gode ord til de vi har rundt oss, preger det hvordan omgivelsene forholder seg til oss. Gir vi negative ord til de vi har rundt oss, preger også det hvordan omgivelsene forholder seg til oss. Ordet vender aldri tomt tilbake.

I begynnelsen av Johannesevangeliet kalles Jesus for Ordet. I julen feirer vi at Ordet kommer til jorden. Julen handler om at det gode Ordet, det Ordet som kommer for å skape fred og forsoning mellom Gud og mennesker, slår seg ned midt i blant oss vanlige

alminnelige mennesker. Jesus er det gode Ordet som kommer til jorden for å bringe forsoning og fred mellom Gud og mellom mennesker.

Samtidig som vi i julen feirer at Jesus kom til jorda og ble menneske, så er julen også familienes store høytid. Advents og juletiden inviterer oss til å tenke igjennom hva ordene våre gjør med oss og de vi har rundt oss. Hvordan er våre ord med på å spre fred og trygghet for de menneskene vi har rundt oss i vår hverdag og som betyr noe for oss? Samtidig inviterer advents og juletiden oss også til igjen å tenke igjennom hvordan Ordet, Guds sønn, tar bolig på jorden og hvordan Guds sønn kommer nær til alle oss mennesker, i vår hverdag, der vi er. Guds ord er kommet for å skape fred og forsoning mellom Gud og mellom mennesker. Både Ordet og ordene er derfor viktige!

Ha en velsignet advents og juletid.

på kyrkjebakken



Utdeling av barnebibel

tekst/foto: Marit Sofie Teistedal Vikre

Det var stor trivsel på samlinga for 4-åringar då dei var samla på Tysvær Soknehus 14.november.

27 born var saman ei stund før laurdagskosen heime. Det var kjekt å syngja, høyre Jesus-forteljing laga bokmerke til Barnebibelen, leika og eta boller. Støynivået var til tider høgt då det vart tid for å bli kjent gjennom frileik! Veldig kjekt!

Neste dag møttest 4-åringane i kyrkja. Då kom det 28 stk og fekk Barnebibel. Saman med barnekoret song borna om at "Jesus er vår venn om jeg sitter eller står, om jeg løper eller går."

Velkommen til dåpsskule

av Marit Sofie Teistedal Vikre

Alle 1.klassingar som har lyst, er velkommen til dåpsskule våren 2010!

Dåpsskule er ein viktig del av kyrkja si trusopplæring. På samlingane jobbar vi med sentrale bibeltekstar og les frå ei bok som heiter "Tre i eit tre". Boka er skriven med dåpsskuleborn som målgruppe. Vi driv også med hobbyaktivitetar, har eit måltid og leikar.

Dåpsskulen vil bestå av 6-7 samlingar frå januar og fram mot påske.

Borna som står i medlemsregisteret til Den Norske Kyrkja får brev med invitasjon. Dei som ikkje er medlemmer, men har lyst til å vere med, kan melde seg på ved å ringje Kyrjekontoret i Aksdal. Tlf: 52 75 77 00

Det blir dåpsskule på følgjande stader:
Grinde, Førre, Førland, Tysværvåg, Straumen og Nedstrand.

Helsing dåpsskulelærarane

Babysong på Tysvær Soknehus

av Marit Sofie Teistedal Vikre

Velkommen til babysong på Tysvær Soknehus! Mor eller far med barn i alderen 0-12 mnd er velkommen til trivelege samlingar åtte torsdagar framover, kl. 10.00 -12.00

Datoar for våren 2009:

28.januar	25. mars
04.februar	8. april
04.mars	15. april
18.mars	22. april

Vi syng og leikar med barna i 30 – 45 min. Etter songstunda kosar vi oss med mat og prat. Ta med matpakke. Kaffi og te har vi på Soknehuset.

Vi syng med dei stemmene vi har, og hugs: "For barnet ditt finnest det ingen stemme i verda som er viktigare enn din!" På babysong ønskjer vi at barnet skal få ei god oppleving av tryggleik og nærleik til foreldra.

Dette er eit "drop-in" tilbod, så vi har ikkje påmelding. Ta med: Matpakke, eit lite teppe til barnet og 10 kr til å dekke utgifter.

Me ønskjer at alle døypte deltar på Kyrkjenær sine tilbod!

Velkommen!



Bønn for Norge

30 dagers bønn og faste for Norge

Bønneledere fra hele landet oppfordrer alle kristne som ber til å sette av 1.-30.januar 2010 til en felles bønn- og fastekampanje for landet vårt.

Nasjonalt Bønneråd, som består av bønneledere fra de fleste landsdekkende bønnenettverk i Norge var samlet i Levanger på Nordic Mission 21.-22.september.

Hvordan skal dette skje?

- Det skal ikke være så avansert, sier Ruth Iren Grimstad, bønneleder i Oase. Vi skal «gå på kne» i våre kirker, bedehus, i fellesskapet, husgruppa og andre steder der vi til vanlig samles til bønn. I hvert fylke vil det være steder, «bønnealter», der forbederne og lovsangerne kan samles fra alle kirkesamfunn for å søke Gud i enhet.

Hjelp fra Afrika og Kina.

I Afrika vil det under denne måneden være over tusen forbedere som vil faste og be for Norge. Pastor Jesse Karanja, som leder et 24/7 Bønnesenter i Nakuru, Kenya, har fått Norge veldig lagt på hjertet sitt, og har et stort bønnenettverk i Afrika. Han har gjentatt ganger vært i Norge og bedt, bla. under Pinse for Alle.

Over en million kinesere ber for Norge, og regner seg som en direkte eller indirekte frukt av norsk misjonsarbeid i Kina. Det jobbes også med å aktivisere dette nettverket til bønn under denne måneden.

www.bonnogfaste.no

om gudstenesta

Gudstenesta er todelt; ho handlar om Guds teneste for oss og vår teneste for han. Rekkefølgen er ikkje likegyldig, for vår bøn og vår lovsong kjem som eit svar på Guds handling med oss. Vi snakkar om gudstenesta si sakramentale side – Guds gaver til oss – og gudstenesta si sakrifielle side – vårt lovsongsoffer til Han.

Eit sentralt omgrep er liturgi – gresk: leitourgia – som opprinneleg betydde offentleg arbeid, men som tidleg kom til å bety rituelle religiøse handlingar. Kall det gjerne – ja, nettopp: gudsteneste.

Eit anna sentralt omgrep i denne samanhengen er diakoni, som også betyr teneste og som spring ut av gudstenesta: **Gå i fred og ten Herren med glede.**

Stein Johannes Kolnes



Så er feiringa over

Tre dagar til ende feira jubilanten 10-års dagen. Det vart ein gild fredagskveld på Tysvær Soknehus då feiringa av jubileet tok til. Det var lagt opp til ei uformell markering den kvelden.

Festen tok til i beste dugnadsånd då festdeltakarane sjølve måtte dekke bord og pynte til fest! Torleif Susort leia festen på ein glimrande måte. Men inni mellom kom nokre revyaktørar med ulike sketsjar som på fin humoristisk vis minte oss om korleis arbeidet med huset hadde gått. Det synt seg at der var fleire som hadde godt grep om revykunsten. Frisk song av ungdommelege krefter og ei fin andaktsstund gjorde at her var noko for alle. Då kjøkgjengen til slutt varta opp med sine kunster var kvelden blitt det komiteen la opp til.

Ein skulle tru folk var trøtte og vel nøgde etter ein slik kveld, men allereie neste dag var ein i gong med den årlege driftsbasaren. Godt med folk og det beste resultatet ein nokon gong har hatt! Det er gledeleg å sjå kor mange som støttar opp om huset. Etterkvart som åra går vil nok vedlikehald av bygget medføra auka kostnader.

Søndag vart feiringa avslutta med gudsteneste. Prost Arne O. Øystese heldt preika denne dagen. Det var han som i si tid la ned grunnsteinen i september 1999. Deretter vart det servert middag til alle som kom på soknehuset. Ein stor takk til alle dei som hjalp til og dei som kom for å vera med! Nå er det komande år som står for døra. Me vonar dei mange brukargruppene vil halda fram og at nye vil koma til.

Edvin Gjerde

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



Jul i Nedstrand kyrkje

Julekonsert

Søndag 20. desember kl 20.30

Litt fornying er alltid spanande. Til årets julekonsert i Nedstrand får vi besøk av Ruben Espelid som er ein dyktig vokalist mange oppdaga i forbindelse med Team Hanne og det Store Korslaget. Hans framføring av You rise me up gjorde inntrykk.

Men i Nedstrand blir det ikkje riktig julekonsert utan kor og korsong. Så Arne Myskja er i god gang med å arrangere songar og øve inn nytt og kjent stoff med korsangane. Koret og solistar blir akkompagnert av orkester leia av Lars Kåre Hustoft. Stein Johannes Kolnes er med på orgel.

Ruben Espelid kjem til å framføre ein del eigne songar. Saman med Ingrid Hustoft Landro vil han òg vere solist saman med koret. Men julesongane er òg ein songskatt som vi alle deltek i, så derfor høyrer òg allsong heime på konserten.

Så velkommen til ein julekonsert med Fryd og Fred i Nedstrand Kyrkje.

(Vil du vere med i Julekoret kan du møte på øvelsane på Soknatun kl 19.30 tysdag 1., onsdag 9., torsdag 17., lørdag 19. desember)

Julefest på Neset bedehus

fredag 1. januar 2010 kl. 19,00.

Andakt v/ Odd Eivind Høyvik.

Alle velkomne !

tekst: Dag Tormod Milje/ foto: Janne Eide og red.

Julekrybba og adventsamling

Vi treng å vente på noko. Ha noko å glede oss til. Som ei kjerring mot straumen i den hektiske adventstida som føregriper mykje av jula, står julekrybba i ver og vind, under dei store granene utanfor kyrkja i Nedstrand og skapar forventning til noko som kjem.

1. søndag i advent kl 17 har vi første samling ved stallen. Krybba står tom, men stjerna over den blir tent og skal vise vei.

Kvar søndag samlast vi ved stallen kl 17, les frå Juleevangeliet, syng og set nye personar inn i stallen. Først på julafta, etter gudstenesta, medan kyrkjeklokkene kimar gledesbod blir krybba fullkomen. For då kjem Jesus.

Søndag 6. desember kl 15 blir det i tillegg Adventsamling på Soknatun med song og kaffimat og adventsord. Den samlinga avsluttar vi med å gå i fakkeltog bort til julekrybba.

Alle barn, i alle aldrar er velkommen til forventning og glede. (PS Vi samlast uansett ver)

Julearrangement på Bokn

08.desember:
Speidarane har grautfest/juleavslutning
på skulen kl. 18.00

20.desember:
Juletreffest
på bedehuset kl. 15.00.
Arr.: Sundagsskulen og Speidaren

21.desember:
Julekonsert i Bokn kyrkje

28.desember:
Juletreffest (familiefest)
på bedehuset kl. 17.00.
Arr.: Frelsesarmeen og bedehusstyret

Til venstre: Desperat jakt på vatn. Foto: Hege Opseth. **Midten:** Fire månader gamle Belquisa er med mamma Salimatou Abdoulaye over alt der ho går. - Som ei kvar mor ønskjer eg det beste for barnet mitt, sier Salimatou. Foto: Greg Rødland Buick. **Til høgre:** Før gjekk mesteparten av dagen til Salimatou Abdoulaye bort til å leita etter og henta vatn. Brønnen blei starten på eit nytt liv. Foto: G. R. Buick



Ønskebrønn

Red/Kirkens nødhjelp

I djupna av ein brønn ligg draumar som ventar på å gå i oppfylling. Salimatou Abdoulaye har ein stor draum for den vesle dottera si.

Livet er blitt ein kamp mot upålitelege naturkrefter for folk i Sahel, beltet som skil det subtropiske Afrika frå Sahara. Dei siste åra har vore prega av auka temperaturar, uregelmessig regn og kortare regntid. Det gjer at avlingar slår feil, vasstanden i elvane går ned og brønnar som er gravne ut for hand, tørkar ut. I Doye er det dei yngste kvinnene si oppgåve å henta vatn. Før brønnen blei bygd midt i landsbyen, var det ofte ein heildagsjobb:

-Vi kunne bruka heile morgonen på å leita etter vatn og likevel gå tomhendte heim, seier 20 år gamle Salimatou Abdoulaye. Dei gjekk opp til tre kilometer til ein stad der det var vatn, berre for å koma fram tørste og slitne og finna ein tørr brønn eller eit vatn som vinden hadde fylt med sand.

-Det var ei stor påkjenning, særleg for dei som i tillegg til vatn bar barn på ryggen. Det hende at nokre blei så utmatta at dei blei sjuke og sende til sjukehus. Eg hugsar det hende eg kollapsa då eg kom heim og orka korkje å eta eller drikka, seier ho.

Kamp mot tid og temperatur

Midt på dagen kan gradestokken krypa opp mot femti grader på det varmaste i områda rundt Bagnadi. Ein gjennomsnittleg person treng då 15 liter drikkevatt per dag. Leitinga etter vatn tok fullstendig overhand for mange av dei unge kvinnene. - Mange hadde ikkje tid til å ta vare på borna sine, vi var så opptekne av å finna vatn, minnest Salimatou. Det hende oftare og oftare at dei blei nøydde til å gå heim for å laga lunsj før dei fekk henta vatn. Det hardaste arbeidet starta likevel når dei fann vatn. Dei færraste kan gå tre kilometer med 20 liter på hovudet utan å få hovudverk. Kvinner over heile Afrika er plaga av hovudverk og nakke- og ryggsmertor som resultat av eit liv med tung bær på

hovudet. Kirkens Nødhjelp arbeider saman med partnarane våre for å finna betre alternativ. -Når du set ein 20 liters vasstank på hovudet, kjennest det som om du set han rett på hjernen, seier Salimatou.

Nytt liv

Datoen 05.07.08 er sirleg innskriven i sement på brønnen. Det blei ein dag som fullstendig endra livet til kvinnene i denne landsbyen. Dei hadde fått ein ny brønn.

Brønnen er et samarbeid mellom innbyggjarane i landsbyen, partnarorganisasjonen GRAIP og Kirkens Nødhjelp. GRAIP har fleire prosjekt i området for at lokalfolk kan få sjanse til å tilpassa seg dei uventa endringane i naturen. Kort tid etter at brønnen stod ferdig, blei Salimatou Abdoulaye gravid med det første barnet sitt:

-No har vi nok vatn, ikkje berre til drikke og matlaging, men også til å vaska oss. Det inneber at vi kan ha betre hygiene både for borna våre og oss sjølve. Vi slepp å bli sjuke så ofte, seier ho.

Draumar for dottera

Berre hovudet til fire månader gamle Belquisa stikk opp over tørklet som knyter henne til mora sin rygg. Ho har augo halvlukka og blir dyssa i søvn til mora sine rolege, rutinerte rørsler. Belquisa er på ryggen heile tida. Når vatn skal hentast, frukost skal lagast, kle skal vaskast, korgor og vifter skal flettast og det skal hentast meir vatn. - Draumen min er at Belquisa skal utdanna seg til å bli lege, seier Salimatou som sjølv aldri har gått på anna enn koranskule. Eg veit ikkje om ho klarar det, men ein må våga å drøyma dei store draumane. Som ei kvar mor ønskjer eg det beste for barnet mitt seier Salimatou Abdoulaye. Ho meiner at ingenting er umogleg så lenge ein tenkjer positivt. I Mali kan vatn frå en brønn gje von og kanskje føra til at draumar går i oppfylling.

2009 grunnar til å...

Håvard Førland

Ja, så var vi i gong i år også...med å vente på å vente. Det synes eg ærleg talt er litt kjedeleg, rastlause typar som meg likar slett ikkje å vente i utrengsmål. Er det ikkje betre å komprimere litt, ja, viss ein då ikkje er i handelsnæringa og er avhengig av å tingleggjere folk då. Eg trur nøkkelen til det meste er å lære seg å nyte det som skjer her og nå, det fins for mange som berre ventar...

Kvardagen blir meningslaus og tom dersom livet blir eit venterom

Men for all del, evnen til å kunne gle seg er jo fin den, i alle fall hvis det du ventar på er bra. Når det gjeld jula er jo den ei herlig tid for dei som har nokon å dele den med. Sagt på ein annen måte - jula er bra for dei som er med-menneske.

Det er tid for å halde tradisjonar ved like, finne fram barnet i seg samstundes som ein held auge med pengebruken. Det er på tide å finne fram det næraste og beste , og fokusere på å handle rett...

Handlekraft som evne vil dei fleste av oss prisa og den evna er det stadig fleire som vil Visa

No er det slutt på at far er handlingslamma, vi er alle Guds lam og vi handlar for livet både herr og fru...

Samtida påverkar språket min sann no fins det visst mang ein handlingens mann

Ambivalensen er der hele tida, den barnlege gleda, samstundes som ein er medviten og kritisk til sløsinga. Med fare for å bli oppfatta som ein grinebitar, vil eg hevde at vi tenkjer for mykje på pengar og forbruk i denne søte...

Juleønsket mitt i år går ut på å fortrenge dét at sløsinga står på så voldsomt og så lenge

Korleis har 2009 fare med deg, forresten? Har det påverka deg at folket i Draumelandet Barack Obama ta over etter den krigshissande Bush-mannen? Eg håpar du høyrer "I have a dream," stemma til Martin Luther King Jr. i bakgrunnen når du tenker på at det nyttar å stå på for likeverd og menneskerettar. Eg håpar du òg blir fylt av håp av det som er blitt mogleg i året som ligg bak oss. Kva gjorde finanskrisa med synet ditt på dei som har makt, dei som har noko med det? Blei du glad for at vi måtte ta ein pause i den eksponentielle veksten vår? Glad for at vi måtte bremse litt, glad for at den tidvis blinde trua på at ting veks inn i... heller ikkje no held mål? Har vi nyss opplevd vår tids Babel? Er overforbruket vårt ein slags kong Midas i revers...alt vi tek i blir til søppel? Sanneleg undrar eg meg på om vi ikkje skal takke dei finansakrobatiske slabbedaskane og dei finansielle "smusspakkane" deira for at dei opna augene våre, om enn berre for nokre månader.



I min barndoms verden, som Odd Børretzen seier, var adventstida ei bekymringslaus tid – no er det nok meir bekymring-sløs! Dette har den vise presidenten, Al Gore, sagt noko om, han kalla det noko slikt som "An unpleasant truth". Eg skal ikkje plage deg med å snakke meir utaskjærs, men nokre tankar gjer ein seg jo...

No har vi alt vi treng men vi handlar likevel, alt det reklamen hevdar vi bør ha julekveld, vi burde nok ha kvilt oss, men slapp av den som vil, å kjøpe gåver er heilt topp, eg kjøper nokre til. Ta visakortet med deg og still deg opp i kø, med handlekorga framme og sett i gong å lø, opp meir du ikkje må ha, og då er du jo lur, det blir eit påskot til å bygg´ut huset der du bur! For julegata lyser og blunker kan

du sjå, mens handelsstanden smiler, dei veit at du vil gå, til alle deira utsal, dei viser gjerne veg, og gler seg ved å vekke shoppingudyret i deg. Butikkane har alt og du er´kje vond å be, mens eigarane vrir seg av stadig vekk å le, på vegen bort til banken i skyttel utan stopp, med overskotet slik at deira konti fylles opp. No treng vi fleire vise menn som reiser rundt og får, oss til å bruke vet, det held´kje lenger at Al Gore! Viss ikkje er eg redd for det nok kan ende slik, at vi om få år endar opp med eit klima-for-lik!

Nok om det, situasjonen er alt anna enn svart, vi har hatt mykje å gle oss over lokalt det siste året. Trusopplæringsreformen og Kyrkjenærprosjektet har visseleg utvikla kristenlivet i Hegreland. Frå spedbarnstadiet opp til tenåringsalderen har vi velorganiserte aktivitetar som ser til at kyrkjelydane våre er meir livskraftige enn nokon gong. Gudstenestelivet er i utvikling, og godtfolk er frimodige i det å utøve gudstrua si. Sjølv har eg stadig oftare gleda av å feire høgmesse i Aksdal kyrkje, eit gudshus som huser både Gud og godtfolk. Gud fins der menneska leitar, gjerne i kyrkjer og menighetslokale...

Den som søker Gud og stadig leter bryr seg ikke om hva menig-heter

La oss halde oppe trua på at det beste ligg framfor oss, og la oss bygge denne trua på ein grunnmur av mellommenneskeleg, vellevd liv.

Til slutt vil eg få takke alle dykk eg har møtt i kyrkjeleg samanheng dei siste 4 åra. Eg vil takke for hjartevarme og storsinn, for låge nok tersklar og tonnevis av medmenneskeleg varme. Kven vil ikkje bli styrkt i trua av slikt...

For troende vil aftenrødens vakre lys bety forlengelsen av starten på et evig morgengry

God advent!

Klimagris LØP OG KJØP

Gi ditt bidrag for det globale miljøet – kjøp klimagriser hos Det Norske Misjonsselskap!

Ved å kjøpe klimagriser støtter du et prosjekt i Kina som gir en enklere hverdag og nye muligheter for fattige familier på landsbygda i Hunan provins. Gjødsele fra to griser er nok til å fylle en biogasstank. Når avfallet varmes opp av sola og blir til kompost, utvikles metangass. En tank gir nok energi til lys, varmt vann og kokemuligheter for en hel familie.



Klimagrisene, som også er fine julegaver, koster kr 250,- per stk.

Kjøp klimagriser hos NMS infosenter på tlf. 51 51 61 00 eller epost: info@nms.no



Budskap om levende håp



Bistand med nestekjærlighet



Bygging av livskraftige kirker

Vår visjon: En levende, handlende og misjonerende kirke i alle land!

TLF: 51 51 61 00 ■ info@nms.no

www.nms.no



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Divisi

- Gler oss til å komme "heim"

Første helga i desember legg koret Divisi ut på juleturné i Sunnhordland og Rogaland.

Koret er tilknyttet Indremisjonsforbundet og Bibelskolen Bildøy, og består av eit 30-tals erfarne songarar frå heile sør-Norge. - Med fleire songarar som kjem frå distriktet blir dette litt som å opptre på heimebane, seier Kjersti Rønnevik, songar i koret.

Konserten vert fylt med vakre og varme tonar i samspel mellom Divisi, Kristiansand strykekvartett og kapellmester Eirik Berge på piano. Alt under leiing av dirigent Halvard Aase.

Saman med kjente julesongar skal koret også framføra nokre av den engelske komponisten John Rutter sine julesongar- denne gongen på norsk.

Me vonar mange vil ta turen midt i adventstida, og få med seg ei flott konsertoppleving, avsluttar Kjersti Rønnevik.

For meir informasjon, sjå www.divisi.no

Aksdal kyrkje 5.des kl.20.00
Utstein kloster 6. des. kl.16.00 og 18.30.



Utviding og vedlikehald


av Terje Fjeldheim

Utviding av Nedstrand kyrkjegard

For eit år sia presenterte me den nye utvidinga av kyrkjegarden i Hinderåvåg. Planleggingsarbeidet har tatt lengre tid enn berekna, da me også måtte utarbeida reguleringsplan for området. Dei endelege planane er nå godkjent i departement og bispedømmeråd. Arbeidet er lyst ut i veke 46/47 og me reknar med at dette kan setjast i gong så snart råd er utpå nyåret. Dette er ein stor jobb og regelverket er nå slik at det skal lysast ut i heile EU området, noko som gjer at dette tar lengre tid enn det elles ville gjort.

Skjoldastraumen kyrkje

Til våren skal denne kyrkja malast slik at den står kvit og fin til 100 års jubileet. I forkant av at dette skjer vil me også skifta ut råteskader på bygget. I vinter vil det derfor bli ein del bygningsmessige utvendige arbeider på kyrkja.



nytt frå kyrkjevevja

Sokneråda har konstituert seg

Dei nye sokneråda er i gong med arbeidet sitt og har hatt sitt første møte. På dette møtet blei dei ulike verva fordelte og ser slik ut:

Nedstrand sokneråd:

Kåre Åsheim blei valt til leiar med Jorunn Sande Baustad som nestleiar. Nils Olav Eintveit og Dag Tormod Milje blei medlemmer av Tysvær kyrkjelege fellesråd.

Førresfjorden sokneråd:

Inge Jarl Auestad blei valt til leiar med Margit Gelius som nestleiar. Karen Johanne U. Vae og Bjørn Gunnar Nedrebø blei medlemmer i fellesrådet.

Tysvær sokneråd:

Nina Gunn Askeland blei valt til leiar med Bodil Valle Høie som nestleiar. Steinar Høivik og Ruben L. Reiersen blei medlemmer i fellesrådet.



Leiar i Førresfjorden sokneråd:
Inge Jarl Auestad

Etter dette får Tysvær kyrkjelege fellesråd denne samansetning:

Nils Olav Eintveit - N
Dag Tormod Milje - N
Karen Johanne U. Vae - F
Bjørn Gunnar Nedrebø - F
Steinar Høivik - T
Ruben L. Reiersen - T
Arne Aurdal er biskopen sin representant
Emly Årvik er Tysvær kommune sin representant
Kyrkjevevge Terje Fjeldheim er sekretær

Fellesrådet skal ha sitt første møte 8. desember og vil konstituere seg då.



Leiar i Tysvær sokneråd:
Nina Gunn Askeland



Leiar i Nedstrand sokneråd:
Kåre Åsheim

Møtekalenderen

Møter i Aksdal kyrkje
Tirsdager kl 19.30

- | | |
|--------------|----------------------------|
| 1. des.: | Sjømannsmisjonen |
| 8. des.: | Normisjon (adventmøte) |
| 5. jan.: | Misjonssambandet |
| 12. jan.: | Sjømannsmisjonen |
| 19. jan.: | Normisjon |
| 26. jan.: | Misjonssambandet |
| 2. feb.: | Misjonssambandet |
| 9. feb.: | NMS |
| 16. feb.: | Den indre Sjømannsmisjon |
| 23. feb.: | Samemisjonen |
| 2. mars: | Normisjon |
| 9.-14. mars: | Misjonssambandet (møteuke) |
| 16. mars: | Israelsmisjonen |
| 23. mars: | Normisjon |
| 6. april: | Samemisjonen |
| 13. april: | NMS |
| 20. april: | Normisjon |

Neste nummer kjem i
postkassen ca. 26. mars

Frist for stoff til nr 1/2010:
5. mars

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l.
til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand.
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Stegaberg bedehus

Søndag 5. des. kl 11.00:
Familiegudstjeneste.
Vikarprest Ottar Larsen.
Offer til NMS Sat 7.

Preiketekstane

6. des.	2.s.i advent	Luk 12, 35-40	17. jan.	2.s.e.Kr.åp.dag	Joh 4,5-26
13. des.	3.s. i advent	Matt 11, 11-19	24. jan.	Vingårdssøndag	Luk 17,7-10
20. des.	4.s. i advent	Joh 3, 26-30	31. jan.	Såmannssøndag	Mark 4, 26-32
24. des.	Julaften	Luk 2, 1-14	7. feb.	Kristi forkl.dag	Joh 17, 1-8
25. des.	Juledag	Joh 1, 1-14	14. feb.	Søndag før faste	Joh 12, 24-33
26. des.	2.juledag	Apg 7, 52-60	21. feb.	1.s.i faste	Job 2, 1-10
27. des.	Søndag e. jul	Joh 1, 16-18	28. feb.	2.s.i faste	Luk 7, 36-50
31. des.	Nyttårsaften	Joh 14,27	7. mars	3.s.i faste	Luk 4, 31-37
1. jan.	Nyttårsdag	Matt 1,20b-21	14. mars	4.s.i faste	Joh 6, 24-36
3. jan.	Kr.åp.dag	Luk 2, 41-52	21. mars	Maria budskapsdag	Sal 113
10. jan.	1.s.e.Kr.åp.dag	Joh 1,29-34	28. mars	Palmesøndag	Joh 12, 12-24

Gjennom livet

Døypte

Tysvær kyrkje

27.09: Maren Lovise Johnsen
Linneah Sophie Sørenes

04.10: Tobias Hervik
Helene Marie Omdal-Jensen

Bokn kyrkje

27.09: Veslemøy Våga
25.10: Theo Geitung-Larsen

Førre kyrkje

04.10: Vegard Velde
Jonathan Sørum
Mats Sætre
Storm Tindeland
Leon Wee Førre
Vetle Berg
Kasper Kallevik Bergstø
Oda Sofie Søderlund
Johannessen

Aksdal kyrkje

06.09: Linea Tørresdal Johansen
Thea Vassbrekke

20.09: Maria Tjoland
Christoffer Herland

27.09: Simen Snørteland Wold

25.10: Henrik Tønnesen
Sebastian Erland
Silja Wannberg

Nedstrand kyrkje

13.09: Rikke Celin Rødne
15.11: Sofie Landro
Maria Isabell Askvig

Skjoldastaumen kyrkje

30.08 Tomas Dagsland
Dommersnes
Oddund Iversen Asheim
18.10: Mathias Steinsland
15.11: Stian Henriksen

Vigde

Bokn kyrkje

19.09: Ina Vibeke Tangen og
Kjetil Eivind Hamre

Jordfesta

Tysvær kyrkje

17.09: Bjarte Askeland
02.10: Rasmus Ingolf Rasmussen

Bokn kyrkje

08.10: Jostein M. Laupland

Aksdal kyrkje

15.09: Vigdis Drivdal Berentsen
(gravlagt Skjoldastraumen)
13.10: Torbjørn Olsen
(gravlagt Førresfjorden)
30.10: Gunvald Haraldseid
(gravlagt Skjoldastraumen)

Førre kirke

01.10: Sverre Nodland Gulliksen
13.11: Borghild Lovise Aksdal
(gravlagt Vår Frelsers)

Nedstrand kyrkje

25.09: Olga Lillian Ubøe
01.10: Sverre Støle
22.10: Aksel Lund
12.11: Gudrun Midtbø

Skjoldastaumen kyrkje

15.09: Vigdis Drivdal Berentsen
23.09: Anna Olene Ørke
30.10: Gunvald Haraldseid
11.11: Gitton Emil Knutsen

Tysvær kyrkje

29.11 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal.
Speiderane deltar. Offer til K/M
Haugaland krets.

13.12 kl 18.00:
Vi syng og spelar jula inn. Arne
Aurdal. Kor og korps. Offer til
kyrkjelydsarbeidet.

Julaften
24.12 kl 16.00:
Familiegudsteneste. Arne Aurdal.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

1.juledag
25.12 kl 12.00:
Høgtidsgudsteneste. Arne Aurdal.
Offer til Norsk Misjon i Øst.

Nyttårsdag
01.01 kl 19.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal. Offer til
kyrkjelydsarbeidet.

17.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal. Offer til
Kyrkjetonar.

31.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal. Offer til
De fire diakoninstitusjoner.

14.02 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal og Marit
Sofie T. Vikre. Utdeling av bibler til
5.kl. Offer til Bibelselskapet.

28.02 kl 11.00:
Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Offer
til NMS Bara prosjekt.

14.03 kl 11.00:
Familiegudsteneste. Arne Aurdal og
Marit Sofie T. Vikre. Dåpsskolen
deltar. Offer til Kyrkjenær.

Palmesøndag
28.03 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal.
Konfirmantene deltar. Offer til
Kirkens Nødhjelp

Førre kyrkje

13.12 kl 11.00:
Gudstjeneste. Vikarprest Ottar
Larsen. Dåp. Offer til Kyrkjetonar.

Julaften
24.12 kl 14.30 og 16.00:
Familiegudstjenester. Sveinung
Tennfjord. Offer til Kirkens Nødhjelp.

10.01 kl 11.00:
Gudstjeneste. Øivind Holtedahl. Offer
til Normisjon Mali.

21.02 kl 11.00:
Gudstjeneste. Offer til NMS Sat 7.

Palmesøndag
28.03 kl 11.00:
Gudstjeneste. Offer til Normisjon
Mali.

Bokn kyrkje

29.11 kl 19.00:
Lysmesse. Arne Aurdal. Speiderane
deltar. Offer til speiderarbeidet.

13.12 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal. Offer til
Israelsmisjonen.

Julaften
24.12 kl 14.00:
Familiegudsteneste. Arne Aurdal.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

26.12 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal. Dåp. Offer
til Norsk Misjon i Øst.

31.12 kl 16.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal.
Ordføraren deltek. Offer til
kyrkjelydsarbeidet.

10.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal.

24.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal.

07.02 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal. Utdeling
av bibler til 5.kl.

21.02 kl 11.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal.

07.03 kl 19.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje.
Årsmøte etterpå

21.03 kl 11.00:
Familiegudsteneste. Arne Aurdal.
Dåpsskolen deltar.

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

29.11 kl 11.00:
Gudstjeneste. Vikarprest Ottar Larsen. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

06.12 kl 19.00:
Lysmesse. Vikarprest Ottar Larsen. Offer til K/M Haugaland krets.

Julaften
24.12 kl 14.30 og 16.00:
Familiegudstjenester. Øivind Holtedahl. Offer til Kirkens Nødhjelp.

1.juledag
25.12 kl 12.00:
Høytidsgudstjeneste. Sveinung Tennfjord. Nattverd. Offer til Normisjon Mali.

2.juledag
26.12 kl 21.00:
G19 ungdomsgudstjeneste. Sveinung Tennfjord.

31.12 kl 23.00:
Gudstjeneste. Sveinung Tennfjord. Nattverd. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

17.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Offer til menighetsarbeidet.

24.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Øivind Holtedahl og diakon Kjersti H. Lofthus. Simenklubben og Se, smak og kjenn deltar. Offer til diakoniarbeidet.

31.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Offer til barne og ungdomsarbeidet.

07.02 kl 11.00:
Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Offer til NMS Sat 7.

14.02 kl 11.00:
Familiegudsteneste. Øivind Holtedahl. Utdeling av 4-års bibel. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

28.02 kl 19.00:
Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Offer til Normisjon Mali.

07.03 kl 11.00:
Gudsteneste. Offer til NMS Sat 7.

14.03 kl 19.00:
Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Offer til diakoniarbeidet. Årsmøte etterpå.

21.03 kl 11.00:
Familiegudsteneste. Øivind Holtdahl. Dåpsskulen deltar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Nedstrand kyrkje

29.11 kl 17.00:
Lysmesse. Dag Tormod Milje. Offer til Trusopplæringa.

13.12 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til Kirkens SOS.

Julaften
24.des. kl 16.15:
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til Kirkens Nødhjelp.



Juledag
25.des. kl 12.00:
Høgtidsgudsteneste. Dag Tormod Milje. Nattverd. Offer til Normisjon.

Nyttårsaften
31.des. kl 16.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje. Helsing v/ ordfører. Offer til Barnevakten.

10.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje.

24.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje.

31.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje. Utdeling av bibler til 5.kl.

14.02 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje.

28.02 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje.

14.03 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje.

21.03 kl 15.00:
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Dåpsskulen deltar.

Skjoldastraumen kyrkje

29.11 kl 19.30:
Lysmesse. Dag Tormod Milje. Offer til Trusopplæringa.

Julaften
24.12 kl 15.00:
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til Kirkens Nødhjelp.

2.juledag kl 11.00:
Høgtidsgudsteneste. Dag Tormod Milje. Nattverd. Offer til Kyrkjetonar.

17.01 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje.

31.01 kl 15.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje. Utdeling av bibler til 5.kl.

21.02 kl 15.00:
Gudsteneste. Arne Aurdal.

07.03 kl 11.00:
Gudsteneste. Dag Tormod Milje.

21.03 kl 11.00:
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Dåpsskulen deltar.